

# MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Fedje barnehage

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/3747 - 15/34917

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

18.11.2015

## FEDJE BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT 2015

Den 27.10.15 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." i Fedje barnehage.

Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert.

Styrar Kristine Rossnes møtte for verksemda.

Det vart bestemt på tilsynet at det skulle utførast ei ny inneklimakartlegging. Dette for å sjå om forskriftas krav til inneklima vert overhaldne. Tidlegare inneklimakartlegging (2006 og 2009) synte ikkje tilfredsstillande inneklima. Ingen utbetring er utført.

Inneklimarapport av 2015 (ref. 15/3892 – 15/34856) synte at inneklima ikkje er tilfredsstillande, og dette vedkjem især rom for samlingsstundar som ikkje kan nyttast til dette formålet.

Det vart avtalt at tilsynsrapport skulle skrivast i etterkant av inneklimakartlegging.

### ➤ **Tilsyn**

Det er for tida 21 barn i Fedje barnehage.

### **§ 4; Ansvar. Internkontroll**

Denne er tilfredsstillande.

### **• Avvik**

Under tilsynet vart det ikkje oppdaga nye avvik. Avvik er kjent frå tildegare.

### **§ 19; Inneklima/luftkvalitet**

Barnehagen har ikkje tilfredsstillande inneklima. (Inneklimarapport: Ref. 2006/1407 – 1630/2006, 2007/2708 – 25409/2009 og 15/3892 – 15/34856).

### ➤ **Observasjon**

---

#### **Post**

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### **Kontakt**

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

## **§ 9; Utforming og innreiing**

Barnehagen har rutinar for å hengje opp snorer til rullegardiner, men nokon snorer hang nede på tilsynet. Barnehagen må oppretthalde rutinar med å hengje opp lause snorer, slik at dei ikkje utgjer ei fare.

## **§ 13; Reingjering og vedlikehald**

- Golvbelegg i yttergarderobe/vaskerom er øydelagt og må reparerast.

## **➤ Konklusjon**

I fylgje opplysninga frå barnehagen er barnehagen godkjent etter «forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular».

Barnehagen har ikkje tilfredsstillande luftutskifting (inneklima), og oppfyller dermed ikkje vilkåra for godkjenning etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.

**For at barnehagen skal oppretthalde godkjenninga etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. må barnehagen melde tilbake til Miljøretta helsevern om tiltak som fører til tilfredsstillande inneklima i barnehagen innan 1.2.16.**

**Med verknad frå i dag skal rom for samlingsstundar (mellomgarderobe utan vindauge) ikkje nyttast slik ein gjer i dag.**

Med helsing

Ernst Horgen  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler>

## **Kopi til:**

Kristine Rossnes  
Vidar Bråthen  
Øyvind Tolleshaug  
Ernst Horgen